

STEINSEDALEN GRUNNEIGARLAG

LEIROFOSSEN GRUNNEIGARLAG

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT

VAKSDAL KOMMUNE

HØYRINGSBREV ANGÅANDE: STEINSEDALEN KRAFTVERK

LEIROFOSSEN KRAFTVERK OG FJELLFOSSEN KRAFTVERK.

Presentasjon:

Me er 10 grunneigarar frå Myster og Leiro organisert i 3 grunneigarlag, eit for kvart av utbyggingsprosjekta, og alle med ulike eigarskap, som har inngått avtale om kraftutbygging. Utbyggingsområde ligg på gardane Myster og Leiro sine eigedomar.

For Steinsedalelvi Kraftverk og Leirofossen Kraftverk: Norsk Vannkraft A/S

For Fjellfossen Kraftverk: Norsk Grønkraft.

Formål med utbygginga:

- 1 Produsera fornybar energi, og at dette kan vera eit bidrag frå oss til mindre forureining og eit reinare klima.
- 2 Me håpar sjølvstekt at me skal tena litt pengar på dette, det vil i høgste grad vera med på å styrkja busetnaden i bygda og på gardane, så ikkje dei vert fråflytta og attgrodde som me ser alt for mykje av no for tida.

Litt om utbygginga:

For alle desse tre prosjekta er det ei skånsom og miljøvenleg utbygging, der me brukar av overskotet i vassdraga. (Me haustar av overskotet i naturen slik menneska har gjort i generasjonar før oss.)

Det skal ikkje overførast vatn frå andre vassdrag, det skal ikkje regulerast nokon vatn meir enn dei naturlege svingningane i vannstanden som føl nedbøren. I desse vassdraga er det stor variasjon i vannmengden også utanom snøsmeltinga. Det gjer at dagar med mykje nedbør veks elva fort og går kvit frå fjellet til sjøen, dette vil og vera ein realitet etter utbygginga fordi om ein del av vatnet går i røyr. Sjå vedlegg, bilete av Monkefossen(Stiafossen) som er regulert av BKK.

Inntaksdammar:

1 for Fjellfossen, 3 for Steinsedalelvi vert plassert i naturlege fordjupningar i elveløpa på ca kote 740 ytterst på kanten av Fjellfossfjellet frå Nord til Syd og vil visa som nokre fine vannspeil i elveløpa.

Felles for desse vassdraga er at dei grensar til Hesjedalsvassdraget som er freda, men kjem ikkje i konflikt med dette området. Dei vil og liggja heilt i ytterkanten av villreinområdet og vil vera utan betydning for dette.(sjå biologisk rapport)

Inntaka for Leirofossen vil liggja på kote 325. Eit i utløpet for Leirovatnet og eit på Mysterstølen, desse vil verta ført ilag rett før felles kraftstasjon for Leirofossen og Steinsedalselva.

Felles for alle anlegga: Alle røyr skal gravast eller sprengjast ned der det er fjell, og ein del vert lagt i borehol. Dette gjer at alt som vert synleg etter utbygginga er inntaksdammar og kraftstasjonsbyggingar. Og naturen vil ha eit urørt preg.

Fossane i vassdraga:

I Steinsedalen som er ein djup og trong V_dal, renn elva i both lite synleg frå alle kantar. Her er ingen fossar berre småstryk.

Frå Leirovatnet renn elva fyrst ut i eit stryk så utfor Leirofossen, her renn vatnet over ei flat og breid fjellskorv som gjer at vatnet fordelar seg som eit breidt slør som visar godt. Dette er og ein realitet når det er lite vassføring. Monkefossen (Stigafossen) er den finaste av fossane sjølv om den er regulert med sine 60 m. i fritt fall. Fjellfossen har lite fritt fall, og renn trappevis frå syd til nord.

Utanom grunneigarar, saueeigarar, og i rypejakta, er det lite turfolk som nyttar området, og ser ein folk i fjellet er det stort sett på finversdagane på ettersommaren og hausten. På denne tida er det og stort sett minstevassføring i vassdraga. Det er heller ingen merke turstiar i desse fjellområda

Under utbygginga vil det verte ein del bråk og ståk i området, og kanskje ikkje sjå så fint ut alle plassar, men me grunneigarar vil ver spesielt oppteken av at alt vert fint tilrettelagt etter at utbygginga er ferdig i heile området, og at arbeidet vert utført av profesjonelle entrepenørar.

Vegar:

Utmarka på Myster vart utskifta i 1973, det vart då vedteke at det skulle byggjast veg til Leiro, men av ulike grunnar ikkje gjennomført til no. I forbindelse med desse prosjekta må det byggjast veg, dette er det same om det vert gjeve løyve til eit prosjekt eller alle tre. Ein veg her vil vera til stor nytte for uttak av skog, og utvikling av eigedomane til Leiro og Myster, og det vil og vera til stor nytte for saueeigarar i området. Ut Steinsedalen kan det med lettheit lagast ein tursti etter røyrtraseen. Alt dette vil gjera området lettare tilgjengeleg for friluftliv og fiske Leirovatnet og høgareliggjande fjellvatn.

Me vil be NVE og Vaksdal kommune sjå positivt på alle desse tre prosjekta, og som ei samla pakke.

Økonomisk heng dei tett i saman, då her må eit tett samarbeid ang. veg og utføringskabel. (Som skal gravast ned etter vegtraseen).

Eg vil og minna om dei biologiske rapportane si samla vurdering (SOM LITE NEGATIV) og er lik for alle dei tre prosjekta.


For oss og Eidslandsbygda vil ei utbygging gje store og varige fordelar.

For Steinsedalen grunneigarlag og Leirofossen grunneigarlag

Jakob Møster (Leiar)

Mystervegen 85, 5728 Eidslandet

Dette er ei skilleveg mellom fjella, og ikke nokon stor laura.



Monkefossen (Stigfossen) er nå regulert i dag.
(Tere i nærleik)